

Veg og grønt norm for Stord kommune



Foto: Haldis Lauksund

Vedteken i kommunestyret 22.06.2006

INNLEIANDE FØRESEGNER	4
INNLEIING	4
SAKSGANG.....	4
ENDRINGAR AV PROSJEKTMATERIALE	5
OVERTAKING, GRUNNLØYSING OG RETTAR.....	6
PROSJEKTERING	7
GENERELLE KRAV TIL PLANMATERIALET	7
OPPARBEIDINGSAVTALE	7
PLIKTER OG ANSVAR FOR DEN SOM UTFØRER GRAVEARBEID.....	7
GRAVEMELDING	8
EKSISTERANDE ANLEGG.....	8
GENERELLE KRAV TIL PROSJEKTMATERIALE.....	8
TEIKNINGAR.....	9
PROSJEKTMATERIALE.....	10
GENERELT OM KRAV TIL TEKNISK UTFØRING	12
KVALITETSSIKRING.....	12
ANSVAR FOR UTFØRINGA AV ANLEGG	12
KRAV TIL ENTREPRENØREN.....	13
REINHOLD OG OPPRYDDING.....	14
OVERTAKING - GARANTI	14
VEGANLEGG	16
GENERELLE FØRESEGNER	16
VEG - STANDARDKRAV TIL TEKNISK UTFORMING OG UTFØRING	16
VEG - SÆRLEGE KRAV	25
GRØNTOMRÅDE	31
GENERELLE FØRESEGNER	31
VEKSTJORD OG GRASAREAL.....	32
LEIKEPlassar	34

BELEGG	35
OVERTAKING AV ANLEGG	36
GENERELT	36
VEG ANLEGG	36
GRØNT ANLEGG	36
KONTROLL OG KVALITETSSIKRING.....	37

INNLEIANDE FØRESEGNER

INNLEIING

Veg og grønt norm for Stord kommune er retningsliner for melding, søking, planlegging og utføring av alle veg og grønt anlegg i Stord kommune. Denne norma gjeld for alle offentlege veg og grønt anlegg som skal drivast og vedlikehaldast av Stord kommune. Vidare gjeld den og for private anlegg som skal knytast til offentlege anlegg. Norma skal også leggjast til grunn ved utforming og godkjenning av reguleringsplanar. Krava i norma er å sjå på som minimumskrav.

Desse retningsliner gjeld føre andre normer av meir almen karakter. Norma skal reviderast årleg og gjeldande versjon vert å finna på Stord kommune si heimeside på Internett. Brukarane pliktar å halda seg orientert om siste revisjon. Der norma visar til andre statelege retningsliner vil dette gjelda siste utgåve av gjeldande norm eller føreskrift.

Revisjonsliste:

Rev:

Dato:

Endring:

SAKSGANG

Søknad

Etter plan og bygningslova § 93 er alle veg- anlegg, og andre tilknytingar til offentlege anlegg tiltak som krev søknad. Søkjar kan etter pbl. § 93 krevje førehandsmøte for å avklara eventuelle rammer og krav for prosjektering og utbygging.

Søknad med nødvendig dokumentasjon skal sendast bygningsmynde i Stord kommune.

Heimel

Norma er ein del av kommunen sitt internkontroll- og kvalitetssikrings- system, som skal ivareta ei kvalitetsmessig utføring og sikra at prosjektmaterialet vert likt handsama.

Særlege løysingar

Løysningar som ikkje er omtala i norma skal godkjennast på førehand av Stord kommune. Dokumentasjon på funksjonsevne skal leggjast ved i kvart einskild tilfelle.

Konsekvens ved brot på Veg og grønt norm

Dersom søkjar ikkje fylgjer norma og heller ikkje kan dokumentera at det er gitt løyve etter særlege løysingar vil det medføre at aktuelle firma kan miste si lokale godkjenning i tiltaksklassane det gjeld. Det kan og bli sendt merknad til sentral godkjenningssmynde.

Konsekvensen kan vera at anlegget ikkje vert overteke av Stord kommune.

ENDRINGAR AV PROSJEKTMATERIALE

Veg og grønt mynde kontrollerer og godkjenner prosjektmateriale som tekniske planar, og kan i den samanhengen stilla krav i samsvar med norma og eventuelt godkjenna særlege løysingar j.fr pkt. 1.2.3. Veg og grønt mynde kan også gi supplerande pålegg eller endringar etter at godkjenning er gjeve, når dette er naudsynt for å få eit funksjonelt anlegg med tilfredstillande kvalitet.

OVERTAKING, GRUNNLØYSING OG RETTAR

Veganlegg inkludert gang- og sykkelveg

Kommunen kan ta over nye vegar til offentleg vedlikehald, om dei er bygd etter krava i Veg og grønt norm og regulert som offentleg veg, eller godkjent for overtaking etter eige vedtak i kommunestyret. Ved overtaking av vegen til kommunalt vedlikehald, skal eigedomsretten til veggrunnen overdragast til kommunen utan vederlag.

Grøntanlegg og leikeplassar

Kommunen kan ta over nye grønntanlegg til offentleg vedlikehald, om dei er bygd etter krava i Veg og grønt norm og regulert som offentleg grønntanlegg, eller godkjent for overtaking etter eige vedtak i kommunestyret.

Kommunen overtek ikkje ansvar for drift og vedlikehald av leikeplassar. Det skal vera velforeining eller burettslag som har ansvar for drift og vedlikehald av leike- og opphaldsareala.

PROSJEKTERING

GENERELLE KRAV TIL PLANMATERIALET

Godkjenning av planar for kommunal overtaking

VA – sjå eiga norm

Det føretaket som er ansvarleg for planleggingsarbeidet skal vera godkjent i medhald av Plan og bygningsloven.

Planar som blir sendt inn for godkjenning skal normalt innehalda:
Reguleringsplan for området, tekniske planar for veg, vatn og avløp.

Det er viktig å være merksam på at kulturminnelova inneheld reglar om bevaring av kulturminne på eller i grunnen.

OPPARBEIDINGSAVTALE

I tillegg til godkjenning av sjølve planane kan ein inngå opparbeidingsavtale med kommunen. Spørsmål vedkommande opparbeidingsavtale skal rettast til avdeling for veg, trafikk og parkering (VTP).

For opparbeidingsavtale skal det nyttast standard dokument, med eventuelle tilpassingar til det aktuelle prosjektet.

Krav om opparbeidingsavtale gjeld berre ved feltutbygging og for offentlege vegar der anlegg skal overtakast av Stord kommune for drift og vedlikehald.

PLIKTER OG ANSVAR FOR DEN SOM UTFØRER GRAVEARBEID

Ved graving er entreprenøren pliktig å skaffe seg nødvendige opplysningar om kablar, fjernvarme, vass- og avløpsleidningar, skilt, polygonpunkt eller andre innretningar.

Godkjent søknad om graveløyve skal liggja føre på gravstaden. Før gravearbeid i kommunal veg kan starta skal det utarbeidast skiltplan for gravstaden. Skiltplanen må godkjennast av vegmynde (Statens vegvesen/VTP). Ved graving i fylkesvegar og riksvegar skal skiltplan også godkjennast av Statens vegvesen. Skiltplanen skal leggast ved gravemeldinga som skal godkjennast av avdeling for veg, trafikk og parkering. I anleggsperioden er entreprenøren ansvarleg for nødvendige arbeidsvarsling på dei vegane som blir råka av gravearbeida/utbyggingane.

Dei rettleiingar som blir gitt for å unngå skader må følgjast nøyaktig. Om skader oppstår fordi graving ikkje er varsla eller fordi graving er utført i strid med dei rettleiingar som er gitt, er den som grev pliktig å betale reparasjon av skaden. Vedkommande vil også vera pliktig å erstatta inntektstap eller ansvar som måtte oppstå som følgje av avbrotet. I visse tilfelle kan skadeverket medføre tiltale og straff. Kommunen kan forlanga at anlegg som ikkje er i forskriftsmessig stand, vert utbetra/lagt om på tiltakshavar si rekning.

GRAVEMELDING

Viser til »Retningsliner for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg» i Stord kommune, vedteke av kommunestyret 11.02.2010.

Før gravearbeid tek til skal det liggja føre godkjent gravemelding.

Gravefelt skal markerast på kartverk utlevert av Stord kommune. Gravemeldinga skal visast til: kraftselskap, teleselskap, politiet (ved graving i offentlege trafikkareal) og Statens Vegvesen (ved graving i fylkes/riksveg). Gravemeldinga skal så godkjennast og underskrivast av avdeling for veg, trafikk og parkering. Godkjend gravemelding er gyldig i 1 månad frå godkjent dato.

Det er ein føresetnad for godkjent gravemelding, at arbeid som blir omfatta av Plan- og bygningslova, også er godkjent av bygningsmynde.

EKSISTERANDE ANLEGG

Prosjekteringa må og skal ta omsyn til eksisterande anlegg i grunnen bl.a. vass- og avløpsleidningar, kummar, diverse kablar og liknande. Det blir ikkje tillate at kablar og andre installasjonar blir plassert over vass- og avløpsleidningar. Horisontal avstand minimum 1 meter.

GENERELLE KRAV TIL PROSJEKTMATERIALE

Komplette prosjektdokument er sette saman av:

- teknisk beskriving
- føresegner for anbod
- mengdebeskriving
- kontraktar, teikningar og orienterande dokument.

Det skal gå klart fram kva anlegg ein søker kommunen om å overta som offentlege anlegg. Dokumenta skal sendast inn i 3 eksemplar. Eit av eksemplara skal returnerast til ansvarleg søker etter at det er godkjent.

TEIKNINGAR

Målestokkar

Teikningane påførast vald målestokk i tal og som skala. Målestokken skal vera den same for situasjon og lengdeprofil. Høgdemålestokk skal vera den same for lengde- og tverrprofil.

Krav til val av målestokk:

Oversiktsplan	1:5000	eller	1:2000
Situasjonsplan	1:1000	eller	1:500 (eller 1:200)
Lengdeprofil - lengde	1:1000	eller	1:500
- høgde	1:200	eller	1:100
Tverrprofil	1:200	eller	1:100
Byggverk	1:100	eller	1:50 eller 1:20
Kum	1:50	eller	1:20
Grøftetverrsnitt	1:20	eller	1:10
Detaljar	1:20	eller	større

Revisjonar

Ved endring av teikningar etter at desse er daterte, signerte og godkjende, skal følgjande revisjonsreglar gjelda:

Det skal opplysast om revisjonen

- på teikninga i revisjonstabellen over tittelfeltet
- på teikninga i rubrikken for revisjonsindeks i tittelfeltet
- i teikningslista

Det skal gå klart fram kva som er revidert. Nye erstatningsteikningar skal få dei same nummera som dei gamle, men merkast med NY ORIGINAL i revisjonstabellen, ny revisjonsindeks og dato for revisjon. Gamle teikningar skal merkast med tekst om at dei ikkje lenger gjeld.

Kartteikn

Teiknesymbol på prosjekterte leidningar skal vera i samsvar med NS 3039. Teikningar skal ha symbolbeskriving.

Teikningsformat

Teikningar skal, så langt som råd, produserast i standardformat, og slik at dei kan brettast ned til A4-format (bretting i samsvar med NS 1416). Der det er føremålstenleg skal det nyttast forlenga format med A 4-høgde.

PROSJEKTMATERIALE

Veg-anlegg

Teikn nr.	TITTEL	INNHALD	MERKNADER
1	Oversiktskart	Oversiktskart over prosjekteringsområdet.	
	Eigedomskart	Oversiktskart med eigedomsgrenser teikna inn	
2	Reguleringsplan	Godkjent reguleringsplan dersom denne føreligger.	
3	Vegplan Lengdeprofilar veg	Oversiktsplan veier Lengdeprofil veier Terrenkoter/Fjellprofil Kote c/1 veg for kvar 10 m Stigning veg Evt. bredde utviding	
4	Eksisterande kablar	Eksisterande kablar (E-verk televerk og liknande.	
5	Stikningsplan Veg/leidningar	Oversiktskart med stikningslinje veg Stikningsdata Eksisterande fastmerkar	
6	Tverrprofilar veg	Tverrprofilar veg for kvar 10 m.	
7	Normalprofil veg	Tverrsnitt og overbygning av vegen	
8	Grøftetverrsnitt	Geometrisk utforming Leidningen innbyrdes plassering Leidningsfundamentering Omfillingsmassar Fyllmassar	
9	Standard teikningar	Forankring vassleidning i grøftetrase Grøfte kassar Well-point grunnvasspumper Utkiling fjell/lausmassar	
10	Detaljteikningar veg	Rekkverk, støyskjerm, undergang, støttemurar etc.	

Grøntanlegg

Teikn nr.	TITTEL	INNHALD	MERKNADER
1	Oversiktskart	Oversiktskart over prosjekteringsområdet.	Prosjektm.
2	Eigedomskart	Oversiktskart med eigedomsgrenser teikna inn	
3	Reguleringsplan	Godkjent reguleringsplan dersom denne føreligger.	
4	Utomhusplan/Gatebruksplan	Oversiktsplan anlegget - kantstein - rennestein , belegningsstein, asfalt og grøntområde - tre og plantar - benkar og bord m.m. - plantekassar - lys - leikeplassar - materialplan	
5	Geometri og høgdeplan	Høgder , koordinatar og evt tverrprofilar	
6	Detaljteikningar	- rennestein - legningsstein - plantehol - plantekasse - kantstein - trevernar - gjerde - plantar	
7	Eksisterande grønntanlegg		
8	Standard teikningar		
9	Eksisterande leidningar	Eksisterande offentlege og private leidningar.	
10	Eksisterande kablar	Eksisterande kablar (E-verk televerk og liknande.	
11	Leidningsplan/overvann drenering Lengdeprofilar leidningar	Oversiktsplan leidningar/slukar Lengdeprofil leidningar Terrengkoter/Fjellprofil	

GENERELT OM KRAV TIL TEKNISK UTFØRING

KVALITETSSIKRING

Alle som utfører arbeid, prosjektering eller utbygging, skal ha eigen kvalitetssikringsmanual. Stord kommune har utarbeida diverse skjema og prosedyrar som skal følgjast for anlegg som skal byggjast ut i eigen regi.

- Graveløyve
- Reglar for graving i offentleg veg og gategrunn
- VA-norm (for leidningsanlegg knytt til veg og grønt).
- Sanitærreglement (for leidningsanlegg knytt til veg og grønt).

For alle anlegg som skal overtakast til kommunal drift og vedlikehald, skal utbyggjar før anleggsoppstart kunne leggja fram nødvendige kontrollskjema.

ANSVAR FOR UTFØRINGA AV ANLEGG

Avdeling for veg, trafikk og parkering skal oppnemna ein kontrollperson for anlegg som skal takast over til drift og vedlikehald. Kontrollpersonen skal varslast særskilt på ulike stadium i byggjeprosessen, og vil kunna utføra stikkprøvekontrollar.

Tiltakshavar er ansvarleg for at veg og grønt anlegg vert utførte i samsvar med vedteken regulering reguleringsplan og godkjende tekniske planar, og at gjeldande retningsliner og generelle krav i Veg og grønt norm vert følgde. Tiltakshavar pliktar å føra kontroll med utføringa på anleggsstaden. Tiltakshavar skal varsle Avdeling for veg, trafikk og parkering om oppstart av anlegget, og elles varsle i samsvar med særskilde føresegner for den aktuelle anleggstypen.

Det skal vera oppnemnt ein ansvarshavande for anlegget, som på vegne av tiltakshavar har den daglege oppfølginga av arbeidet. Ansvarshavande skal godkjennast av Stord kommune. Arbeidet kan verta stansa om det ikkje vert utført i samsvar med Veg og grønt norm.

Avdeling for veg, trafikk og parkering sin kontroll med utføringa fritek ikkje tiltakshavar for hans ansvar. Dette ansvaret står ved lag til det er halde overtakingsforretning, og garantiansvaret gjeld dessutan til garantitida er over.

KRAV TIL ENTREPRENØREN

Stord Kommunestyre har den 24.03.94 vedteke at følgjande reglar skal gjerast gjeldande for kommunale bygg- og anleggsarbeid, og for bygg- og anleggsarbeid som kommunen skal overta:

- Entreprenøren pliktar berre å nytta eigne/fast tilsette. Dersom entreprenøren nyttar underentreprenørar skal dette opplyst i anbudet og entreprenøren pliktar å sjå til at dette dreier seg om reelle underentreprenørar som igjen berre nyttar eigne fast tilsette.
- Entreprenøren skal vera godkjent av Yrkesopplæringsnemda som opplæringsbedrift. Avdeling for veg, trafikk og parkering kan dispensere frå denne ordninga.
- Ved val av anbydar legg Stord kommune i tillegg til vanlege forretningsmessige vurderingar, også vekt på at entreprenøren har lærlingar. Lærlingordninga skal dokumenterast i eige vedlegg til anbudet.
- Entreprenøren og evt. underentreprenør skal på spurnad frå oppdragsgjevar eller andre offentlege kontrollinstansar leggja fram for oppdragsgjevar dokumentasjon på at arbeidstakarane er eigne/fast tilsette.
- Dersom entreprenøren bryt desse reglane, kan han bli utestengd frå arbeid for Stord Kommune i inntil eit år frå tilhøvet er registrert.
- Dersom underentreprenøren bryt reglane, kan han bli utestengd frå arbeid i Stord Kommune i inntil eit år, medan hovudentreprenøren vert utestengd for eit halvt år frå tilhøvet er registrert.
- Kostnadene, eller meirkostnader i samband med overføring av eit oppdrag til ein annan entreprenøren eller underentreprenøren vert å belasta den part som er utestengd. Desse reglane kan ikkje påberopast som grunnlag for å auka krav om godtgjersle i samband med eventuell underkjenning av underentreprenøren.
- Entreprenøren må dokumentera at han har godkjent internkontroll som omfattar kvalitetssikrings- system og HMT.
- Entreprenøren må og leggja fram kemnerattest for betaling av skattar og avgifter.
- Avdeling for veg, trafikk og parkering kan krevja at anbud innan alle fag fyrst skal ut på prekvalifisering.
- Avdeling for veg, trafikk og parkering skal når det gjeld val av anbud, velja det som ut ifrå ei totalvurdering gjev det beste resultat for kommunen, med den til ei kvar tid gjeldande utgåva.

Stord Kommunestyre har den 23.02.06 vedteke at ILO-konvensjon 94, Stortingsproposisjon nr 62, skal gjerast gjeldande for kommunale bygg- og anleggsarbeid, og for bygg- og anleggsarbeid som kommunen skal overta.

REINHOLD OG OPPRYDDING

Ved arbeid på eller nær offentlig veg og anna vegareal (fortau ol.) er det strenge krav til løpande reinhold og opprydding. Det vert vist til Veglova §§ 57, 58 og Forureiningslova §§ 28, 37.

Dette inneber:

Tiltakshavar er ansvarleg for vedlikehald (m.a. snøbrøyting) av vegar som inngår i utbygginga inntil kommunen har overteke desse. Kommunen kan også påleggja tiltakshavar vedlikehald av vegar som blir berørt av utbygginga/gravinga (for eksempel ved vegsperring). Offentlege vegar som blir nytta til anleggstrafikk i grave/utbyggingsperioden skal haldast rein av utbyggjar. Vegar som elles blir påført skader, skal utbetrast for tiltakshavar si rekning.

Fortau skal til ei kvar tid vere open for fri ferdsel.

Ein gjer spesielt merksam på at dersom nemnde føresegner ikkje blir fylgt, vil opprydding og reinhold utførast på den ansvarlege eller eigar si rekning.

OVERTAKING – GARANTI

For overtaking av anlegg til offentlig drift og vedlikehald gjeld følgjande:

1. Når tiltakshavar er Stord kommune v/avdeling for veg, trafikk og parkering, skal overtaking og garanti frå entreprenør regulerast i samsvar med føresegnene i NS 8405.
2. Når anlegg vert overtekne i samsvar med føresegnene i plan- og bygningslova, skal same føresegner som i NS 8405 ovanfor, gjerast gjeldande. Utbyggjar er ansvarleg for dette ovanfor kommunen, og må sikra seg med avtale ovanfor sin eventuelle entreprenør.
3. Når anlegg vert overtekne i samsvar med særskild avtale mellom utbyggjar og kommunen v/avdeling for veg, trafikk og parkering, gjeld følgjande:
 - For nyanlegg, som under punkt 2.
 - For eldre anlegg skal overtaking og eventuell garanti regulerast i sjølve avtalen.

Når avdeling for veg, trafikk og parkering ikkje er utbygger, gjeld følgjande føresegner i tillegg:

- Meldingar om ferdig arbeid skal innehalda naudsynt og påboden dokumentasjon.
- Det skal alltid haldast ferdigsynfaring, overtakingsforretning og garantisynfaring i samsvar med NS 8405.
- Representant for avdeling for veg, trafikk og parkering skal ta del. Det skal først protokoll for alle disiplinær, og feil og manglar skal noterast.
- Føresegna i NS 8405, punkt 30.7 om overtaking utan overtakingsforretning (siste avsnitt) og 30.8 om overtaking av delar av kontraktarbeidet utan overtakingsforretning, gjeld ikkje.
- Tiltakshavar skal stilla/sikra ein garantisum i samsvar med NS 8405 ovanfor kommunen.

VEGANLEGG

GENERELLE FØRESEGNER

Vilkår for offentlig overtaking

Dersom veganlegg skal overtakast til offentlig drift og vedlikehald, må anlegget oppfylla dei krava til utforming/vegstandard som Veg og grønt norm stiller. Kva som skal vera offentlig veg er fastsett i reguleringsplan.

Graving i kommunale veganlegg: Sjå kap. om graveløyve.

Kontroll og kvalitetssikring

Ansvarshavande skal varsla kommunen sin kontaktperson når anlegget vert starta opp. Som eit ledd i kvalitetssikringsprosedyrane, skal det då avklarast med kommunen sin kontaktperson spørsmål omkring:

- framdriftsplanar
- byggjemøte - tidspunkt, innkalling, deltaking
- byggemøtereferat - distribusjon
- milepælar som krev særskild varsling for kontroll
- andre rutinar for kvalitetssikring.
- byggherreforskrifta og HMT
- massedisponering, jord, heller, kantstein med meir
- kan noko nyttast til framtidig drift og vedlikehald

VEG - STANDARDKRAV TIL TEKNISK UTFORMING OG UTFØRING

For krav til vegutforming, val av vegtypar i høve til lasting og slitasje, stigningstilhøve m.m., gjeld krava i Statens Vegvesen si handbok N100- veg og gate utforming, med vekt på vegklassane S2 , A2 og GS.

Førebuaende arbeid

Trer og buskar skal ryddast i tilstrekkeleg utstrekning også utanfor sjølve vegtrasèen for å gi auka sikt og for å unngå nedfall i vegområdet. Vegetasjonsmasse, som t.d. stubbar, røter, kvistar m.m., skal alltid fjernast i skjeringsområde og i fyllingsområde, normalt ut til prosjektert fyllingsfot.

Vegetasjonsrydding skal ikkje utførast utover det areal som er vist i godkjent plan og skildra i skjønnsføresetnader eller i eigen, skriftleg avtale med grunneigar.

Verneverdig vegetasjon og freda trer, som er merka, skal ikkje rørast. Det er som regel naudsynt med spesielle vern under markryddingsarbeid og etterfølgjande arbeid. I tvilstilfelle skal ein kontakta den som er ansvarleg for planane eller fylkesmannen si miljøvernaving.

Vegetasjonsmasse skal ikkje nyttast i fyllingar, men transporterast til godkjend plass. Førebels lagring bør skje godt utanfor veglina. Materiale som blir fjerna bør transporterast til fyllplass eller eventuelt eigna stad for brenning.

Plasseringa av eksisterande kablar og leidningar skal vera klarlagt før anleggsstart. Trafikkregulerande skilt og andre innretningar som høyrer vegen til og som må fjernast grunna arbeidet, skal utan opphald få mellombels plassering.

Underbygning

Avgraving

Reinsking av fjell for lausmasse skal utførast i samsvar med NS 3420 - Beskrivingstekstar for bygg, anlegg og installasjonar – nøyaktigheitsklasse 2 (rest maks 0,05m³ jord per m²).

Fjellskjering

Skjeringsprofil

Hellinga på fjellskjeringa skal normalt vera 10:1, men må i praksis kunna tilpassast bergart, forvitring og oppsprekking.

Sprenging

Sprenging skal utførast i samsvar med NS 3420, Sprenging av byggjegroper, og massane skal sprengjast slik at dei er best mogleg eigna til det dei seinare skal nyttast til. Det skal sprengjast og utlastast til underkanten av styrkingslag, grunn-sprenging. For sidegrøfter skal det borast ei holrad 0,5m under dei andre hola. Skjeringa skal utførast som kontursprenging, utføringsklasse 2 (tillate avvik 150mm frå boringsplanen, og 3 % retningsavvik for normale pallehøgder.)

Reinsk

Skjeringssidene skal reinskast for alt laust fjell, etter at overheng og nabbar er sprengde vekk. Lause blokker eller flak må sikrast etter behov.

Jordskråning

Jordskråningar bør helst gjevast ei helling på 1:2, ikkje over 1:1,5. Skjeringsbotnen må utformast slik at ein sikrar avrenning. Der det er naudsynt, må det gjerast tiltak for å hindra erosjon. Ved særleg problematiske område, skal det utarbeidast sikringsplan.

Fundamentering

Grunnstyrking

I prosjekteringsfasen skal grunntilhøva langs veglina vera kartlagde, og fundamenteringsmetode vera planlagd. Vegen skal fundamenterast til fjell eller fast grunn, altså grunn som har E-verdi målt ved platelastingsprøver som er større enn 1 MPa.

Masseutskifting

Massar skal normalt skiftast ut med telefrie massar, og utgraving kan reknast ut frå sideskråning 1:1. Fyllingar skal leggjast ut i samsvar med NS 3420, del F. Markkrydding, grunnforsterking, graving og fylling.

Andre metodar til særskild bruk

Bruk av lett materiale til grunnstyrking, eller bruk av fiberduk, jordarmering eller andre metodar, skal sjåast i høve til dei lokale tilhøva. Dersom slike metodar skal nyttast, må det byggja på kvalifiserte geologiske vurderingar, og vera godkjend av Avdeling for veg, trafikk og parkering i kvart einskild tilfelle.

Fylling for veg

Fyllingar skal byggjast opp av stein (ikkje fylitt), jfr. NS 3420 del F. Det kan nyttast grus og morenemassar etter godkjenning.

Sideskråningar skal ha ei helling på 1:1,5 når ikkje anna er spesifisert.

Steinmassar kan tippast frå endetipp til eit nivå 0,75m under teoretisk traubotn. Dei øvste 0,75m skal byggjast opp som plantipp.

På kvart av dei to nivåa skal det komprimerast til normal komprimering. (Sjå tabell F. 5 Normal komprimering under Lausmassar i NS 3420. Tilsvarende om lag 95 % standard proctor). Her er det tillate med eit høgdeavvik på 50mm og eit sideavvik på 200mm. Det øvste nivået skal byggjast opp av ikkje-telefarleg og godt drenerande masse av type D eller tilsvarende. Fyllingsskråningar skal avrettast og ordnast, slik at dei vert stabile. Skråningane skal tettast med finare masse, og det skal leggjast på eit matjordlag i ein tjukkeleik som er tilpassa ønskt vegetasjon, men minimum 0,25m tjukt.

Ved fyllingsfoten skal det lagast ein naturleg overgang til terrenget. Det skal såast med spesiell frøblanding for vegskråning.

Drenering

Drenering skal tilpassast lokale topografiske og hydrologiske tilhøve. Drensgrøfter kan lagast som djupe sidegrøfter eller som stengde drensrør (standardprofil). Sluk med sandfang skal plasserast etter tilhøva på staden, og tal og avstand skal utreknast. Drensrør skal vera av godkjend type og leggjast med minste fall på 5 %. Filterlag rundt drensledningar skal tilpassast krava i NS 3420, Drenering. Utslepp til terreng må vera godkjend av Stord kommune.

Overbygning

Planering traubotn

Traubotn skal gjevast normal komprimering, ifølgje NS. Tillate høgdeavvik er 50mm og tillate sideavvik er 200mm.

Forsterkingslag

Forsterkingslag skal leggjast ut slik at overflata har planlagd lengde og tverrprofil. Forsterkningslaget skal byggjast opp av grovknust stein av tilførte massar og vera i samsvar med NS 3420 del F. Forsterkingslag utført av stadlege massar (fyllitt) vert ikkje godkjent.

Berelag

Berelaget skal gjevast normal komprimering, og kravet til avvik frå teoretisk profil er toleranseklasse 2. Viser til NS 3420. Det skal nyttast velgraderte steinmaterialar.

Vegdekke

Nye vegar skal ha fast dekke før overtaking, med unntak av særlege tilfelle (sjå punkt 4.3 om førebels ferdiggjering). I køyrebane og på fortau/ gangveg skal det leggjast minimum 110kg asfalt/m². Normalt skal alle vegar ha bituminært dekke, jf. Vegvesenets handbok 018. Materialkrav og utføring skal vera i samsvar med gjeldande retningsliner for utføring av bituminøse vegdekke og berelag. Avvik frå teoretisk profil skal oppfylla krava i toleranseklasse 2. Val av dekke i sentrumsområde skal avgjerast i kvart einskilt tilfelle.

Vegskulder skal fyllast opp etter asfaltering m/grus og komprimerast.

Vegskuldra skal flukte med det faste dekke.

Leidningsanlegg/Overvassanlegg

Stord vatn og avlaup KF har ansvar for overvassanlegg/leidningar i Stord kommune.

Overvatn skal i størst mogeleg grad handterast lokalt med kun avgrensa tilførsel til overvassystemet. Det inneber at infiltrasjon- og fordrøyingsløysingar skal veljast dersom tilhøva ligg til rette for det. Eksisterande vassvegar skal normalt oppretthaldast. Bekkelukking skal godkjennast av NVE.

Alternative flomvegar skal sikrast, dvs. område der overflatevatn kan renna ved tett sluk/bekkeinntak og/eller ekstraordinære avrenningssituasjonar.

Ved sanering skal ein søkja å redusera overvassmengda til fellessystem. Takvatn skal normalt ikkje førast direkte til felles avløpsleidning.

Det vert normalt rekna med 600m² tilrenningsareal per sluk/rist, og ei maksimal avrenningslengde på 50m. Vatnet kan leiast ved kantstein eller ved asfaltert holkil. Mot fortau skal det nyttast kjeftesluk tilpassa kantsteinprofil. Rist mot fortau skal kunna nyttast ved stigning på meir enn 1:12. Sandfangskum skal ha ein minimum diameter på 1m og effektivt sandfang skal vera minst 1,0m djupt.

Sluk skal plasserast på det lågaste punkt i tilrenningsarealet. Det skal leggjast pukkt rundt og opptil underkant kuppelrist. Pukkfeltet med pukktørrelse 16-32 skal vera 600mm breitt og 150mm tjukt.

Avkøyrslar

Private avkøyrslar skal ikkje ha stigning eller fall nærare enn 1,0m frå reguleringslina eller 2,0m frå køyrebanekant. Private avkøyrslar skal leggjast slik at overvatn frå veg ikkje kan renna inn i avkøyrsla. Dersom avkøyrsla avskjer ope grøft, skal det leggjast avløpsrør med ein minimum diameter på 200mm. Eigaren av avkøyrsla har vedlikehaldsplikt av stikkrenna.

Fortau

Fortau skal opparbeidast som vist i reguleringsplan. Kantstein skal setjast i betong 100mm under ferdig vegbane slik at overkanten på fortauet vert liggjande 160mm over ferdig vegdekke. Ved avkøyrslar og gangfelt, skal kantsteinen senkast i heile breidda, ned til maks 10mm høgde over ferdig vegdekke. Overgang til nedsenking skal utførast over ei lengde på 1m. Den ytre kanten av fortauet skal ha gjennomgåande høgde.

Der fortau kryssar sideveg som skal inn på hovudveg, skal fortauet svingast inn i sidevegen før ein kan foreta kryssing. Fortau skal vera nedsenka. Kantstein skal gå mot null før nedsenking av fortau startar.

Murar

Ved prosjektering av støttemurar, kan Vegdirektoratet sine normerte murar nyttast. Dersom ikkje, skal utrekningar og dimensjonering leverast til avdeling for veg, trafikk og parkering for godkjenning.

Fylling/skråning


Det skal planerast og komprimerast med 40cm sandhaldig jord, som skal såast til med plenfrø. Jorda skal ikkje innehalde stein større enn 50mm. Ved topp fylling skal det i tillegg vere ei sandpute med breidde på 0,5m som skil jorda frå vegskulder.

Opprydding

Etter at anleggsarbeidet er avslutta, skal heile anleggsområdet (medrekna riggområde) ryddast, og resterande materiale, vegetasjonsrestar og avfall fjernast.

Utforming av tverrprofil

Teikning 4.1



Definisjonar:

Fjellskjeringar




Underbygging

A	Skråning i fjell	E	Fanggrøft	H	Utkiling	L	Reinsing
B	Skjering i fjell	F	Djupsprenging	I	Skjering i jord	M	Fylling (jord, stein, mv.)
C	Avgraving fjelloverflate	G	Sprengingsplan	J	Evt. grunnforsterking	N	Fyllingssåle
D	Planum	H	Utkiling	K	Planum	O	Skråning i jord

Vegtypar

Vegtype	Køyre bredde	Regulert bredde	Dim. fart Dim. kjøretøy	Sikt L min	Merknader
Adkomstveg A2	3,0m + skulder 2 x 0,5m	6,0m	30km/t LL	30m	Blindvegar
Samleveg S2 - bustad	5,0m + skulder 2 x 0,5m	8,0m	50km/t L/B	50m	
S2 - industri	5,5 m+ skulder 2 x 0,5m	8,5m	50km/t VT	50m	
S2- industri m./fortau	5,5 m+ skulder 2 x0,5m + 2x2,5m	11,5m	50km/t VT	50m	
Gang og sykkelveg G/S - veg	2,5m (min.)	4,0m		20m 40m	
Fortau	2,5m (min.)				
Køyring til eigedom	3,5m (min.)				

Teikning 4.2 Vegtypar



Dimensjonering av overbygging

Dimensjoneringa skal utførast i medhald av Statens Vegvesen si handbok 018 - vegbygging .

Tabell over dekke og bærelag


Vegtype	Slitelag	Bindelag	Øvre berelag	Nedre berelag	Forsterk.l***
Samleveg S2	110kg/m ² Bituminært dekke	-	20cm		40cm
Adkomstveg A2	110kg/m ² Bituminært dekke	-	20cm		30cm
Gang/sykkelveg GS1	110kg/m ² Bituminært dekke	-	20cm		20cm

Forsterkingslag dimensjonerast etter massar i undergrunnen etter tabell i Statens Vegvesen si handbok 018 - vegbygging. Fylitt blir normalt rekna som telefareklasse T3 evt. T2.

*** Forsterkingslag ved T3 masser i grunnen.

T4 masser skal dimensjonerast etter Statens Vegvesen si handbok 018 - vegbygging. Behov for duk skal vurderast.

Teikning 4.3 Oppbygging av dekke.



OPPBYGGING AV DEKKE VEG OG GS- VEG

VEG - SÆRLEGE KRAV

Førebels ferdiggjering i utbyggingsområde

Vegar som skal gjerast heilt ferdige i utbyggingsområde, før sjølve byggjearbeida på eigedomane tek til eller er ferdige, vert ofte utsette for stor øydelegging i utbyggingstida. Difor bør vegarbeidet helst utførast i to fasar:

Fundamentet vert fullført og dekt med anleggsdekke/penetreringsdekke
Vegen vert gjort heilt ferdig med fullstendig asfaltert dekke, eventuelt fortau, gjerde, merking og skilting m.m.

Fasane er nærare skildra i det følgjande. Fase 2 skal gjennomførast når vegen ikkje lenger er truga av øydeleggingar, og då eventuelt etappevis.

Der utbyggjaren ønskjer å utføra veganlegg i to fasar, må det ordnast med særskild avtale, dersom utbyggjaren vil overføra noko av drifts- og vedlikehaldsansvaret til kommunen før anlegget er heilt ferdig. Avtalen må innehalda tryggleiksføresegner for at veganlegget skal verta fullført.

Dersom vegen vert gjort ferdig før utbygginga tek til, må brukaren av vegen strengt følgja vanlege reglar, slik at vegen berre skal nyttast til vanlege trafikkmål.

Tryggleik for endeleg ferdiggjering

Kommunen overtek ikkje noko uferdig veganlegg til drift og vedlikehald, utan at det er stilt økonomisk tryggleik for ferdiggjeringa av vegen.

Når det er stilt økonomisk tryggleik, kan utbyggjaren velja om utbyggjaren sjølv skal gjera vegen ferdig, eller om kommunen skal ta restarbeidet (fase 2). Primært skal avgjersla om dette takast før kommunen overtek noko av vegenlegget til drift og vedlikehald.

Dersom utbyggjaren vél å utføra vegenlegget i to fasar, skal det ved innhenting av anbudspris på anlegget, gjevast pris på arbeidet i dei to fasane. Basert på dette grunnlaget skal det forhandlast om ein økonomisk garanti til kommunen om fullføring av fase 2. Garantien skal sikra full dekking av utgiftene på gjennomføringstidspunktet. Det skal stillast garanti også om det er utbyggjaren sjølv som står for utføringa av fase 2.


Dersom kommunen skal utføra fase 2, skal midlar til arbeidet stillast til disposisjon i takt med framdrifta på arbeidet.

Kantstein

Det skal nyttast granittkantstein i busslommer, i trafikkøyar, ved kryss ut frå slutten av kurva og 2m inn på rettstrekninga, og i sterkt trafikkerte kurver som venteleg vil verta utsette for kantsteinslitasje. Mot grøntanlegg skal det alltid nyttast granittkantstein i alle sentrale strøk. Granittkantstein skal alltid nyttast i sentrum.

Elles vert det nytta granitt eller betongkantstein, der dette vert vurdert som mest eigna. Kantstein i granitt og betong skal ha knekkant i kurve og strekk parallelt med køyrebane.

Teikning 4.4 Kantstein



Rekkverk

Rekkverktype skal veljast ut frå den funksjonen rekkverket skal ha. Som leiegjerde for fotgjengarar, skal det veljast lettare typar. Som vernegjerde for fotgjengarar/ syklistar mot køyrande trafikk, skal det veljast tyngre skilje som tosidig "Guard rails".

Det skal ikkje nyttast "Guard rails" i sentrumsområde

Kabelanlegg

Dersom eksisterande el- og telekablar vert råka av anlegget, skal vedkomande eigar varslast. Retningslinene herifrå skal følgjast ved utføringa av arbeidet. Tilsvarande gjeld ved legging av nye kablar.

Ansvar for kabelanlegg som ikkje er registrert på offentleg tilgjengeleg kartverk, kviler på den som eig kabelen.

Skilting og oppmerking

Før skilt vert sett opp skal det gjennomførast synfaring med representant frå godkjenningssmynde for å avklara teneleg plassering av skilt.

Før kommunen overtek anlegget skal det dokumenterast at anlegget følgjer vedteken skilt- og oppmerkingsplan, og er utført etter "Norm for oppsetjing av skilt" og Forskrift. Gangfelt skal merkast med termoplast, med unntak av ved mellombels flyttingar. Oppmerking etter Statens Vegvesen si handbok 302 - Vegoppmerking Normalar.

Støy

Ved anlegg av nye kommunale samleveggar og ved opprusting av eksisterande samleveggar, skal det hentast inn ei vurdering av eksisterande og venta framtidig støynivå. Retningsliner og rundskriv frå Miljøverndepartementet skal leggjast til grunn ved vurdering av støynivå, og ved eventuelle tiltak for støydemping.

Fartsdempande tiltak

Av tryggleiks årsaker, er det ønskjeleg at køyrefarten i bustadområde ikkje vert høgare enn 30km/t.


Nærare retningsliner finn ein i Kommunedelplan Trafikksikring.

Under planlegginga av vegen skal det vurderast om vegen kan byggjast slik at eit naturleg lågt fartsnivå kan oppnåast.

Dersom det er trong for særlege fartsdempande tiltak, skal slike planleggjast og byggjast i samsvar med vedtak frå vegmynde. Statens Vegvesen si handbok V128 skal leggjast til grunn for arbeidet.

Opphøgd gangfelt

Teikning 4.5 Opphøgd gangfelt



Gatelys

Dersom det ikkje er utarbeida eigne retningslinjer for eit område , skal denne standarden fylgjast. I Leirvik sentrum skal gatelysa vurderast særskilt og planar skal godkjennast.

Lyskjelde: høgtrykk natrium.

Lysnivå (luminansnivå, jevnhet og blending) i fylgje vegnormalen.

BUSTADFELT/TILKOMSTVEG (A)

Armaturtype: Lilla Viktor (Thorn) med planglas eller tilsvarande

Farge armatur (og evt. mast): kan variera.

Mast: galvanisert med stolpekrok evt. med stolpebøy.

Høgde mast ca. 4m.

SAMLEVEG (S)

Armaturtype: Stora Viktor (Thorn) med planglas eller tilsvarande

Farge armatur (og evt. mast): kan variera.

Mast: galvanisert med stolpekrok eller stolpebøy, evt. midtfeste.

Høgde mast 7,5m.

BUSTADFELT/TILKOMSTVEG (A)

Armaturtype: Riviera, standard grå/alternativ Alpha 2000 eller tilsvarande

Farge armatur: standard grå.


Mast: galvanisert.

Høgde mast 10m

Snuplassar/snuhammar


På alle vegar i bustadfelt skal det vera høve til å snu på område som tilsvarande snuhammar dimensjonert for "LL" liten lastebil, på endevegar.

Teikning 4.6 Snuhammar



På alle vegar i industriområde skal ha snuplassar dimensjonert for "L" lastebil og "B" buss på endevegar.

Teikning 4.7 Snuplass




Bilsperre

Bilsperrer/saksebommar som skal overtakast til kommunal drift og vedlikehald skal tilfredstillja fylgjande krav:

Stord kommune nyttar bilsperrer utan låsemekanisme der hol i mekanismen kan medføra at fingrar vert klemstra/avklipte når sperra vert satt i rørsle. Bilsperra skal vera direkte nedstøypt i bakken, vera utstyrt med trekantlås og monterast etter nedanfor rettleiande skisse.

Bilsperra skal vera montert med skilt nr. 906 "Hindermarkering".

Teikning 4.8 Bilsperre



GRØNTOMRÅDE

GENERELLE FØRESEGNER

Vilkår for offentlig overtaking

Dersom eit nytt grøntanlegg skal overtakast til offentlig drift og vedlikehald, må anlegget oppfylla dei krava til planar, teknisk utføring og gjennomføring som Veg og grønt norm stiller. Det skal allereie i reguleringsfasen fastsetjast kva som skal verta offentlig grøntanlegg.

Grøntområde i norma omhandlar parkar og leikeområde.

For overtaking av andre grøntområde, gjeld at teknisk standard skal liggja så nær opp til Veg og grønt norm som råd.

Kontroll og kvalitetssikring

Ansvarshavande skal varsle kommunen sin kontaktperson når anlegget vert starta opp. Som eit ledd i kvalitetssikringsprosedyrane, skal det då avklarast med kommunen sin kontaktperson spørsmål omkring:

- framdriftsplanar
- byggjemøte - tidspunkt, innkalling, deltaking
- byggemøtereferat - distribusjon
- milepæl som krev særskild varsling for kontroll
- andre rutinar for kvalitetssikring
- Byggherreforskrifta, internkontroll HMT

Ein milepæl er når fyllmassar er planert. Kommunen skal då kontaktast for å få høve til å kontrollera høgde på massane og om det er nok høgde til å leggja vekstjord på. Før overtaking skal det vere overlevert dokumentasjon på bruk av rett material, som eks. jordanalyse, siktekurve for sand med meir.

Arbeid på kommunale grøntområde

Dersom det skal utførast arbeid på grøntanlegg som Stord kommune vedlikeheld, skal Avdeling for veg, trafikk og parkering, som eigar, orienterast.

Kummar og feste til gatelys som blir plassert i grøntområde skal liggja under plennivå.


VEKSTJORD OG GRASAREAL

I tabellen er det skild mellom grøntmiljø og gatemiljø. I eit gatemiljø er dei dominerande elementa vegar og plassar medan dei dominerande elementa i eit grøntmiljø er større grønne lungar, løkker og parkar.

VEGETASJON	VEKSTJORD			SPESIFIKASJONER		
	Vekstdjupner					
	Grønt miljø	Gate miljø	volum	spes. jord	bark (evt)	ugras
Grasdekke						
Grasplen	0,25m	0,25m	Svak overhøgde, jamm overflate	SIM plenjord, steinfri jord (ikkje leir/myrjord), min 5 cm topplag		Rot-ugrasfri
Grasmark/rabatt sentrum	0,25m	0,20m	Svak overhøgde, jamm overflate	SIM plenjord, steinfri jord (ikkje leir/myrjord), min 5 cm topplag	Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Grasmark/rabatt utkant	0,20m	0,20m	Svak overhøgde, jamm overflate	SIM plenjord, steinfri jord (ikkje leir/myrjord), min 5 cm topplag	Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Blomstereng		0,20m				
Trær						
Store trær bymiljø	0,80m	0,70m	Min 1m ³	Moldhaldig, næringsrik jord i planteholet	Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Små trær , bymiljø	0,60m	0,50m	Min 1m ³	Moldhaldig, næringsrik jord i planteholet	Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Store trær, friområde		0,5 m	Min 1m ³	Moldhaldig, næringsrik jord i planteholet	Min 0,07m	
Små trær, friområde		0,40m	Min 1m ³	Moldhaldig, næringsrik jord i planteholet	Min 0,07m	
Dekorasjons-planting						
Roserabatt	0,70m 0,2m frå kantstein	0,60m 0,2m frå kantstein		Moldhaldig, næringsrik, steinfri jord	Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Sommarblomar	0,50m	0,40m		Moldhaldig, næringsrik, steinfri jord	Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Staudfelt	0,50m	0,40m		Moldhaldig, næringsrik, steinfri jord	Min 0,0m	Rot-ugrasfri
Busk-planting						
Buskfelt	0,60m	0,50m			Min 0,07m	Rot-ugrasfri
Buskas		0,40m			Min 0,07m	

Plantehol

I sentrum skal det brukast stammevern av smijern medan det utanom sentrum kan nyttast alternative materiale. Dette skal godkjennast på førehand av Avdeling for veg, trafikk og parkering). Planteholet skal drenerast dersom omkringliggjande materiale ikkje er sjølvdrenerande.



LEIKEPLASSAR

Generelt

I regulerings- og utbyggingsplanar for meir enn 5 bustader skal det med grunnlag i Plan- og bygningslova § 69.1 gjerast greie for plassering og utforming av areal til leik og opphald.

Areala skal vera godt eigna til leike- og opphaldsareal både for barn og vaksne. Areala skal vera solrike, ha trafiksikker tilkomst og ikkje liggja inntil sterkt trafikkert veg eller sjenerande støykjelde. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.

Ved fortetting i eksisterande område kan det vurderast andre løysingar enn det som går fram av krava til leikeplassar i pkt.5.3.4 - 6.

Opparbeiding og ferdigstilling

Utbyggjar har ansvar for opparbeiding og ferdigstilling av areala til leik og opphald. Areala skal vera ferdig opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for første bustaden i feltet.

Arealkrav

Det skal setjast av min. 80m² godt eigna uteareal for kvar bustad. Av dette skal min. 30m² vera avsett til leik.

Sandkasseleikeplass

Innanfor 50m frå bustad skal det vera godt eigna areal til **sandkasseleikeplass** på min. 150m². Leikeplassen skal minimum innehalda 2 leikeapparat, sandkasse, bord og benker.

Nærleikeplass

Innanfor 150m frå bustad skal det vera godt eigna areal til **nærleikeplass** på min. 1000m². Nærleikeplassen skal minimum innehalda 2 leikeapparat, sandkasse, bord, benker og ballfelt på min. 20 x 30m med oppsett mål 2 x 5m.

Grendeleikeplass

Innanfor 500m frå bustad skal det vera **grendeleikeplass** på min. 3000m². Grendeleikeplassen skal innehalda ballfelt på 40 x 60m. På ballfeltet skal det vera oppsett mål 2 x 5m.

Krav til detaljplanar

Før leike- og opphaldsareala vert bygd skal det liggja føre detaljplan godkjent av kommunen ved Reguleringsplan, byggesak, oppmåling. Planen skal alltid visa opparbeidd areal, drenering og utstyr. Opparbeidd areal skal normalt opparbeidast med eit berelag, sandbasseng og eit toppdekke med avgrensing mot eksisterande terreng. Til berelag skal det nyttast velgraderte grusmassar i min. 0,15m tjukkeleik. Toppdekke kan vera av grus, asfalt eller belegningsstein.

Krav til dekke

Sandbasseng	Asfaltdekke	Grusdekke	Belegningsstein
Støytabsorberande sand	Agb 3cm	Grus 0 - 1 mm. 10cm	Belegningsstein med meir
			Settesand
Berelag 15cm	Berelag 15cm	Berelag 15cm	Berelag 15cm
Evt forsterkingslag	Evt forsterkingslag	Evt forsterkingslag	Evt forsterkingslag

Drift og vedlikehald


I alle område skal det vera velforeining eller burettslag som skal ha ansvaret for drift og vedlikehald av leike- og opphaldsareala.

BELEGG

Generelt

For alle typar beleggingsstein skal settesanden vera i henhold til NS 3420 tabell K22. Vedkommande krav til toleransar og fall, vert det og vist til NS 3420 K2 .

Kantstein mot grøntområde.



Kantstein skal leggjast med svak overgang mellom stein og plan.

Bed med kantstein skal ikkje ha overhøgde. Det skal vera plass til å dekke med bark utan at barken renn av, dvs. min. 7cm mellom jord og topp av kantstein.

OVERTAKING AV ANLEGG

GENERELT

Dei som vil at kommunen skal overta veg og grønt anlegg, må sjølv søkja om dette. Når det gjeld overtaking av slike anlegg, vert det vist til plan og bygningslova. Ein må her merke seg spesielt at kommunen kan gje reglar om utføringa.

VEG ANLEGG

For at kommunen skal overta ein veg må fylgjande kunna dokumenterast:

- Vegen er regulert til offentleg veg.
- Vegen er opparbeidd etter godkjent reguleringsplan.
- Vegen er opparbeidd etter den funksjonen den skal ha (vegklasse).
- Oppbygginga av vegen tilfredsstillar krava i Veg- og grønt- norm.
- Skiltplan er godkjent og skilt oppsett.
- Nødvendig veggrunn vert overført til kommunen vederlagsfritt.
- Nødvendig veglys er oppsett og godkjent av kraftnetteigar.
- Tilfredsstillande eigenkontroll/overtakingsprosedyre kan dokumenterast.

Når dokumentasjonen ligg føre, vil avdeling for veg, trafikk og parkering vurderer overtaking.

GRØNT ANLEGG

For at kommunen skal overta eit grøntanlegg må fylgjande kunna dokumenterast:

- Området er regulert som offentleg grøntanlegg.
- Området er opparbeidd etter godkjent reguleringsplan.
- Oppbygginga av grøntanlegget tilfredsstillar krava i Veg- og grønt-Norm.

Når dokumentasjonen ligg føre, vil avdeling for veg, trafikk og parkering vurderer overtaking.

Kommunen overtek ikkje ansvar for drift og vedlikehald av leikeplassar.

KONTROLL OG KVALITETSSIKRING

Ansvarshavande skal varsle kommunen sin kontaktperson når anlegget vert starta opp. Som eit ledd i kvalitetssikringsprosedyrane, skal det då avklarast med kommunen sin kontaktperson spørsmål omkring:

- framdriftsplanar
- byggjemøte - tidspunkt, innkalling, deltaking
- byggjemøtereferat - distribusjon
- milepælar som krev særskild varsling for kontroll
- andre rutinar for kvalitetssikring.
- Byggherreforskrifta, internkontroll HMT

Teikningar for ferdige anlegg

Før anlegg vert overtekne til offentlig vedlikehald, skal teikningar som viser korleis anlegget er utført som byggeteikningar, leverast til avdeling for veg, trafikk og parkering, Stord kommune. Grunnlaget for utrekning av avgifter skal leggjast fram ved overtakinga.

Ferdig veg skal koordinatfestast og visast på kart.

Dokumentasjonen skal liggja føre før overtaking. Manglande dokumentasjon for ferdig anlegg vert definert som vesentleg mangel.

Stord kommune overtek ikkje anlegg til drift og vedlikehald utan at dokumentasjonen for ferdig anlegg er komplett.

Innmålingsdata

Krav til innmålingsdata vert fastsett av eining for Regulering, byggesak og oppmåling (RBO).